

HØYRINGSINNSPEL

Sak	Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering
Høyringsinstans (svarar)	Avdeling for ingeniør- og økonomifag, Høgskolen i Bergen (AIØ)
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Det har kome innspel på denne høyringa frå institutta, instituttleiargruppa, administrasjonen, avdelingsrådet og representantane i ID-møtet.
Innspel Bruk fleire sider om det trengs	
Kap 2	<i>Er premissane og inngangen tydeleg og meningsfull?</i> Konkret innspel til kapitel 2.3: Studentane må utdannast til å handtere og utnytte endring – slik at dei kan verte endringsagentar.
Kap 3	<i>Er modelltypane - profesjon vs. kunnskapsområde - tilstrekkeleg forklarte?</i> Ja. <i>Profesjon vs. kunnskapsområde på nivå 2 – kva modell vil vere best for at HVL skal nå sine mål?</i> Profesjonsmodellen er betre kopla til hovudformålet for Høgskulen – ein profesjonsutdanning. Dersom ein vel profesjonsmodellen vil ein sikre kontinuitet i utdanningane, og det vil vere i tråd med fusjonsplattforma sitt mål om å verte eit universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil. Modellen for kunnskapsområde kan skape unødvendig usikkerheit både for studentar og eksterne (framtidige arbeidsgjevarar). <i>Skal HVL ha meir enn 3 fakultet?</i> Nei, tre omtrent like store fakultet sikrar betre fagnær leiing der fakulteta kan få størst mogelig autonomi. Det gjer det også lettare å sikre fagnær administrasjon samstundes med at leiargruppa vert minst mogeleg. Vidare vil færrest mogeleg fakultet gje færre barrierar som gjer at tverrfagleg samarbeid vert lettare. Alt dette er viktig for at "HVL organiserast for god fagleg verdiskaping og effektiv drift" slik det står i kapitel 2.4. Det er viktig at ein her spør kva som er best for HVL, ikkje berre for dei enkelte fagmiljøa. Eit av institutta ved avdelinga (Institutt for økonomi og administrative fag) har eit anna syn og ønskjer seg eit fjerde fakultet, «Fakultet for samfunnsfag, økonomi og leiing» - sjå vedlegg 1. AIØs fleirtall ønskjer å behalda økonomi- og administrasjonsfaga saman med ingeniørfaga. I strategiplanen 2016-2020 for AIØ (vedlegg 2), som er ein plan som heile avdelinga har utarbeid i fellesskap, er det lagd vekt på eit godt samspel mellom Senter for Nyskaping (SfN), Institutt for økonomi og administrative fag (IAØ) og ingeniørfaga. Dette for å fremje innovasjon og verdiskaping i regionen. Avdelinga ser at ei splitting av AIØ vil gjere dette arbeidet vanskelegare, også med omsyn til undervisninga ved avdelinga. I dag administrerer IAØ innføringsemna og

	<p>systememna som blir gitt ved alle studieprogramma, inkludert det tverrfaglege masterprogrammet. Vi er svært nøgde med denne organiseringa - samarbeidet vert lagt merke til av andre i UH-sektoren, også internasjonalt. Vi ønskjer ikkje endringar som kan gjere dette vanskeligare – vi veit av erfaring at det er større skott på fakultetsnivå enn instituttnivå.</p> <p>Senter for nyskaping, som er HiB's forskings- og kompetansesenter innanfor innovasjon og entreprenørskap, ønskjer ei avdelingstilknytning som fremmar tverrfagleg jobbing inn mot ulike fagmiljø ved HVL, og da primært mot teknologi/ingeniørfaga og helse/sosialfaga. Gjeldande struktur kor Senteret for nyskaping har avdeling for ingeniør- og økonomifag som sine primære fakultetstilknytning, samtidig som dei har eit overordna ansvar for innovasjon og entreprenørskapsfeltet ved Høgskulen, har synt seg som ein god modell.</p> <p><i>Bør fakulteta ha omtrent same storleik?</i></p> <p>Ja, det gjev ein langt betre dynamikk både i forhold til budsjettering, representasjon i leiargruppa og andre samanhengar. Her har Institutt for økonomi og administrative fag eit divergerande syn, sjå vedlegg 1. Men dersom det skal etablerast et fjerde samfunnsfagleg fakultet, så bør det også innehalde fag også frå dagens lærar- og helseavdelingar slik at det fakultetet får ein viss storleik.</p> <p><i>Er forslaga til namn på fakulteta dekkjande, har de alternative namn?</i></p> <p>AIØ meiner det er svært viktig at namn på fakulteta ikkje vert fastsett før etter at fakultetsstrukturen er klar. Namn er viktig og engasjera mange, og det kan gunstig at det spørsmålet ikkje tek merksemd vekk frå strukturen som det no er viktigast å få på plass. Men vi ønskjer å spele inn nokre synspunkt i denne omgang:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det bør berre brukast profesjonsretta namn i ein profesjonsmodell. • Det er ikkje naudsynt å bruke både teknologi og ingeniørfag i namnet, sidan teknologi er så tett kopla mot ingeniørfag. AIØ føretrekk å ha ingeniør i namnet. • Det er også viktig å sjå til kva forkortingane vert då desse vert mest brukt til dagen. <p><i>Er disiplinfaga si rolle i HVL ivareteke med 3 fakultet?</i></p> <p>Ikkje ubetinga. Uavhengig av antal fakultet må det vere rom for mangfald innan dei einskilde fakulteta slik det også er i dag. Nokre fagområde har spesielle behov, og dette må ivaretakast både med omsyn til synlegheit og drift. For dei disiplinfaga som ser seg tent med det må det vere mogleg å vere samla i faggrupper, eventuelt innanfor eit større institutt. Ein ser og at ingeniør- og realfag stadig har meir til felles. Eit døme på det er at Nasjonalt råd for teknologiutdanning (NRT) og Nasjonalt fakultetsmøte for realfag (NFmR) no slår seg saman i eit felles MNT-organ.</p>
<p>Kap 4</p>	<p><i>Er prinsippa for nivå 3 dekkjande for å realisere fusjonsambisjonen?</i></p> <p>Det bør seiast tydeleg at institutt skal være den normale einingsforma og at senter berre bør nyttast under spesielle høver som for å etablere ein særleg strategisk tverrfagleg satsing. School er ikkje noko norsk omgrep og bør ikkje nyttast i det heile. Det enklaste er ofte det beste og det er det som også vil gjere det lettast å fylle universitetsambisjonen. Om dei konkrete prinsippa:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Campusovergripande bør ikkje vera eit absolutt kriterium for einingar. Dette må baserast på faglege kriterier og fagleg vinst. Geografi bør ikkje vera eit argument i seg sjølv.

	<ol style="list-style-type: none"> 2. Det er viktig å byggje store og meir robuste einingar, men her må ein vere fleksibel og gjere unntak basert på faglege kriterier. Stadleg leiing er og eit viktig prinsipp som må takast vare på i denne diskusjonen. 3. Eit absolutt krav om mastertilbod ved kvart institutt er ikkje hensiktsmessig. Det viktigaste er at alle bachelorstudentar vil ha eit mastertilbod ved HVL. 4. AIØ støttar fokus på at studenten er i sentrum og at utdanning er primærverksemda. Dette punktet må ein ikkje tolke som at tilsette i disiplinifaga skal spreia på mange institutt, og ikkje vere samla i ei gruppe. Det er viktig med fagmiljø også for dei som driv med disiplinifag, både når det gjeld undervisning og forskning. 5. Det burde heller heite "Begrensa fridom til val av organisasjonsform", jmf. diskusjonen om institutt, sentre og schools. 6. Vi støttar prinsippet om at fagnære administrative funksjonar. Sjå vår kommentar under «Andre merknader». 7. Store institutt kan tvinge fram eit fjerde nivå. Det vil vere eit viktig moment som må diskuterast som ein del av instituttstrukturen. <p>Institutt for økonomi og administrative fag har eit motstridane synspunkt når det gjeld bruken av nemninga «School» og korleis dei vil organisera nivå 3. De ønsker likeverdige einingar som Institutt campus Haugesund, Institutt campus Sogndal og Institutt campus Bergen, og at de til saman utgjer ein «School», sjå vedlegg 1.</p> <p><i>Er prinsippa for smale eller for vide?</i></p> <p>For smale – ein saknar her blant anna eit prinsipp som seier noko om forskning og forskingsbasert undervisning.</p>
<p>Kap 5</p>	<p><i>Skal ein ha reint rektorat eller skal toppleiinga og ha leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar?</i></p> <p>Alternativ A er no det beste av dei skisserte modellane. Det vert hevda at leiargrupper med 7-9 medlemmar fungerer best. Med 4 i rektoratet, 3 dekanar medfører dette at det er rom for 1-2 administrative leiarar. Det er nødvendig og viktig for å sikre best mogleg eigarskap i administrasjonen til dei avgjerlene som vert fatta. Dette bør vere på sentrale område som personal og økonomi. Ein kan til dømes sjå korleis HiOA har løyst dette, der er det ein direktør med i leiargruppa.</p> <p><i>I høringsutkastet er det foreslått funksjonsansvar til leiarane på nivå 1 – er desse område gode, har de andre forslag?</i></p> <p>Digitalisering vert svært viktig i HVL og der er det viktig med stor merksemd framover. Det bør derfor vurderast om den prorektoren som får ansvar for utdanning også får ansvar for digitalisering. Elles er det viktig å vere klar over at dekanane også er og vil vere sterkt engasjerte i samspel med nærregionane. Ein må unngå interessekonfliktar og sikre godt samarbeid mellom prorektorane og dekanane om regionrolla, og mellom prorektorane og prodekanane om funksjonsansvar.</p> <p><i>Høringsutkastet foreslår at det skal vere prodekanar – og skisserer ulikt ansvarsområde for desse (speile prorektor, geografisk/nærregion, støtte for dekan, etter dekanens behov) – kva er mest tenleg?</i></p> <p>Her bør det vere rom for å gjere det på ulike måtar sidan prinsippet om gjennomgåande studieprogram og behov for stadleg leiing slå ulikt ut på dei ulike områda.</p> <p><i>Er prinsippa for leiing på nivå 3 tydelege nok for vidare operasjonalisering?</i></p> <p>Ja.</p>

	<p><i>Er dei råd og utval som er omtale i høyringsutkastet tenlege?</i></p> <p>Ja, det er viktig med fakultetsråd og ikkje fakultetsstyre slik ein kan få innspel frå studentar, personale og eksterne og samtidig behalde handlekraft. Det bør elles kome klare retningslinjer for kor tilsette har rett til medverknad. Kva saker kan forhandlast i dei ulike råda/utvala? Rammer for kor lenge folk skal/kan sitje i råd og utval bør også klargjerast. En viktig diskusjon når ein skal diskutera instituttstrukturen vil vere om det er aktuelt med instituttråd og fagutval på nivå 3.</p> <p><i>Er det utval eller liknande som manglar?</i></p> <p>Å sikre god utdanningsleiing vert eit tydligare krav i den nye Studietilsynsforskrifta som kjem på nyåret. Et mogleg grep er å oppretta programutval for studieprogramma (gjerne med fagleg overlappende program i same utval). Slike utval vil høyre heime på nivå 3 i organisasjonen. Programutvala kan ha fagleg leiar, 2-3 faglege medlemmar, 1-2 studentar og administrativ støtte. Ein god deling av oppgåver og ansvarsområde mellom fagleg og administrativt tilsette er viktig for å oppnå god kvalitet og god ressursutnytting. I dei nye forskriftene frå Departementet og NOKUT, kjem det mellom anna krav om jamleg dokumentasjon av kvalitet i utdanningane.</p>
<p>Andre merknader</p>	<p>Det er viktig å presisere at det både på nivå 2 og 3 må vere god administrativ støtte slik at faglege og leiararar kan konsentrere seg om sine hovudoppgåver.</p> <p>Det er eit godt trekk å behalda det meste av administrasjonen på fakultetsnivået. Årsaka for dette er mindre sårbarheit, større overlapp og betre koordinering av arbeidsoppgåver, betre mogligheit for kvalitets- og kompetanseheving og personleg utvikling. Men administrasjonen ser at dette kan vere utfordrande med dei mange campus'ane i HVL.</p> <p>Administrasjonen ser og ein utfordring med at dekanen ikkje har eit fast arbeidssted. For at ein dekan skal fungera optimalt må han ha ein stab av viss storleik rundt seg. Men dersom dekanen etter ein periode blir erstatta med ein dekan som har opphaldsstad ein annan plass – skal då administrasjonen flytta på seg, eller skal dekan da byggje seg opp ein ny administrasjon rundt seg?</p> <p>Når det gjeld økonomi ønskjer brorparten av institutta å ha lønnsbudsjettet på fakultetsnivå, for å lettare få til tverrfagleg samarbeid mellom institutta. Avdelinga har det slik i dag og har god erfaring med ordninga. Men et mindretal ved avdelinga meiner at ein får den beste forvaltninga av ressursane dersom lønnsbudsjettet ligg på institutta. Det vil igjen krevje gode rutinar for budsjett og administrativ støtte på instituttnivået.</p>